



Anne Kari Enes og Siv Framnes er klar for Tysnesfest og Sivert Høyem konsert på Tysnessåto 753 m.o.h.

Tysnesfest er i gang med eit omfattande og variert program over fire dagar. Mange kvinnheringar legg turen til Tysnes, anten med båt eller bil. Anne Kari Enes og Siv Framnes, aktive medlemmer og turleiarar i Kvinnherad Turlag, vart i dag tidleg skyssa til Årbakka og skal gå til Tysnessåto (753 m.o.h.) for å vera klar for Sivert Høyem konsert kl. 13.

Tysnesfest har i 11 år vore den største festivalen i Sunnhordland. Den store arenaen ligg på Våge, men det er aktivitetar og program over heile øya, mellom anna på Solstråleøya Årbakka Handelsstad og Haaheim gard. Borna har sin eigen Tysnesfest.

Det er i privat regi Anne Kari Enes og Siv Framnes legg turen til Tysnes i dag. Dei vil ta turen som eit friluftstiltak med fotturar i fjellet, konsert og overnatting ute i hengekøye. Tysnessåto er det høgste fjellet på øya. Tett på kjem Hovlandsnuten med sine 727 meter. Heile 1125 spreke menneske tok turen til Såto i fjor på friluftskonsert. Ein reknar med ny rekord i år.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal